



Industriområdet på Mongstad er saman med resten av det ytre Fennsfjordbassenget attraktivt for grøne industriverksemder å etablere seg på. Problemet er å få nok straum ut dit.

FOTO: DAG ERIK HAGESÆTER / WIKIMEDIA COMMONS (CC BY-SA 3.0)

Fryktar det grøne skiftet blir utsett til etter 2030:

- Kan bety massiv arbeidsløyse

Det er ikkje nok kapasitet i straumnettet i Nordhordland til å forsyne alle industribedriftene som vil etablere seg. Politikarar og næringslivet fryktar Nordhordland må sjå at det grøne skiftet legge frå kai, utan regionen om bord.

SONDRE LINGÅS HAUKEDAL
sondre@nordhordland.no

- Det vil vere svært dramatisk. Vi må vere med på det grøne skiftet, for alternativet er massiv arbeidsløyse, seier Baste Tveito.

Han er leiar i Nordhordland Næringslag, som jobbar for å fremme interessene til næringslivet i Nordhordland.

Han stiller seg heilhjarta bak initiativet Regionrådet Nordhordland har tatt. Dei har sendt brev til fylkesordførar Jon As-

keland, der dei ber han samle Vestlandet og krevje den krafta som skal til for å klare det grøne skiftet. Brevet skal diskuterast av politikarane i fylkesutvalet tysdag.

- Ordførarane i regionen står saman om dette. No ber vi fylkesordføraren samle alle i eit tverrpolitisk samarbeid. Han har meir tyngde og hyppigare moglegheit til å ta dette opp med nasjonale myndigheter, seier Karstein Totland (H).

Han er leiar for regionrådet. Saman med nestleiar Sara Sekkingstad (Sp) står han som forfattar for brevet. Dei fryktar at det grøne skiftet i regionen blir utsett til etter 2030 og håpar å få nasjonale myndigheter til å «rydde opp» i kraftsituasjonen.

Kan få store konsekvensar

Olje- og gass-industrien har skapt tilflytting og svært mange arbeidsplassar i Nordhordland dei siste tiåra.

Ein stor del av arbeidsplassane ligg i industriområdet rundt det ytre Fennsfjordbassenget.

Der har ein i tillegg til dei store bedriftene også ein heil skog av mindre bedrifter som lever av å selje varer og tenester til dei.

- Vi er eit av områda i landet som er aller mest avhengige av olje- og gass. Veldig mange arbeidsplassar er knytt til den industrien. Hittil har vi dratt nytte av oljen, men no er det ei utfordring.

Det gjer Tveito uroleg for framtida til regionen, då det i åra og tiåra framover skal produserast mindre olje og gass.

- Det er stort sprik i anslaga for kor stor den reduksjonen skal vere, men dei ligg på mellom 25 og 40 prosent innan 2030. Konsekvensane kan bli store for regionen, så viktig er petroleumsnæringa her.

Dersom ein skal unngå at ein reduksjon i oljeindustrien skal føre til nedgangstider i regionen, treng ein ny og grøn næring. Tveito forklarar at Nordhordland heldigvis har svært mange bedrifter som ønsker å etablere seg i regionen.

- Bedriftene som vil etablere seg er i stor grad kraftkrevjande

industri som passar inn i det grøne skiftet. Problemet er berre at det ikkje er straum til dei.

Treng meir straum

Statnett stadfestar òg at det er så mange aktørar som ønsker å etablere seg i Nordhordland, at det ikkje er kapasitet til alle. Batterifabrikk og hydrogenfabrikk er blant alternativa. Kommunikasjonssjef Martha Hagerup Nilson forklarar vidare at dei har sagt ja til at aktørar med eit samla forbruk på heile 400 MW kan få kople seg til straum i Nordhordland.

Vestland er det fylket i landet som produserer mest straum. Dersom ein skal få meir av denne krafta til ytre deler av Nordhordland, må ein betre linjetaket til regionen.

Statnett har alt sett i gang ei rekke prosjekt som vil auke nettkapasiteten med 200 MW frå 2026.

- Til saman har Statnett då lagt til rette for over 600 MW nytt forbruk. Det er nesten like mykje som straumforbruket i heile Trondheim, seier Nilson.

Tveito meiner dette må skje raskare.

- Det er lenge for bedrifter å vente til 2026. Då drar dei heller ein annan plass der dei kan få straumen tidlegare. Kanskje forsvinn dei heilt frå Norge. Å skunde på dette prosjektet er fullt teknisk mogleg og handlar berre om prioritering.

På spørsmål om kvifor desse oppgraderingane ikkje kan gjera tidlegare, svarar Statnett at det tar tid å bygge nytt nett.

Foreløpig har få av aktørane, som har fått ja til å kople seg på straumnettet i Nordhordland, vedtatt å investere, fortel Nilson. Det er difor ikkje sikkert kor mange avd. ei som blir noko av, presiserer ho og legg til at det difor er viktig med god dialog slik at kapasiteten kan fordelast til dei som investerer.

Ho presiserer og at Statnett har eit mål om å finne minst 50 MW ledig kapasitet i straumnettet i løpet av eit par år, ved hjelp av nye løysingar. Dei er og i gang med fleire større tiltak for å forsyne regionen med meir straum.